

SV



**For dei mange
– ikkje for dei få**

Alle menneske skal ha like moglegheiter til både å lukkast og til å få hjelp når ein treng det. Vi treng eit rettferdig og miljøvennleg samfunn, både lokalt, nasjonalt og globalt. Vi vil verne om det beste med det norske samfunnet, nemleg små skilnader, låg arbeidsløyse og sterke fellesskap. Vi skal få ned skilnadene, styrke velferd og kjempe mot fattigdom.

Vi kan møte klimakrisa og sikre arbeidsplassar.

Svaret på krisene vi står i no må vere ein heilskapleg og rettferdig plan for klima og industri. Ein plan som med kraftige investeringar vil gi oppdrag til industrien dei næraste åra. Vi skal forandre Noreg til å bli eit land som går føre i å trekke verda i ei miljøvennleg og klimavennlig retning.

Det er tid for ein heilt ny økonomisk politikk.

Ein politikk som kan løyse klimakrisa og samtidig få ned skilnadene og kjempe mot arbeidsløysa. SV sin plan for eit rettferdig grønt skifte handlar om håp og forandring. Vi skal kutte skilnadene, byggje opp industrien og dele gode og byrdar. Då må vi legge bort den grå, usosiale og tafatte politikken som regjeringa fører. Vi skal bygge landet grønt og for dei mange – ikkje grått og for dei få.

Sosialistisk Venstreparti

Hagegata 22, 0653 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

Meld deg inn i SV!

Send SMS med
INNMELDING <din e-post>
<ditt namn> <adressa di>
til 2090 (100 kroner)

